

Tips om medisinsk litteratur, andre bøker, filmer og elektroniske medier som bør anmeldes, sendes tidsskriftet@legeforening.no

Gamalt nytt om samfunnets helse


Larsen Ø, Nylenna M, Hagestad K et al, red.

Samfunnsmedisin

654 s, tab, ill. Oslo: Gyldendal Akademisk, 2008.

Pris NOK 695

ISBN 978-82-05-34459-4



Samfunnsmedisin handlar om gruppe-rette helsearbeid. Det betyr at både det individuelle pasientaspektet og sjukdomsaspektet er tona ned, fokus er på samfunn og helse. Denne boka er utgått frå det dominerande sam-

funnsmedisinske miljøet i Oslo, med dei same forfattarane som stod bak *Helse for de mange – samfunnsmedisin i Norge* (1).

Boka er omfangsrik, bygd opp med 46 relativt korte kapittel, kvart kapittel med sjølvstendige forfattarar. Kapitla er lesarvennlege og pedagogisk lagt opp. Det er god balanse mellom tekst og illustrasjonar. Spesielt merker ein seg gode fargebilete som fungerer som sjølvstendige bidrag til teksten. Dei fleste, men ikkje alle kapitla har referansar til relevant litteratur og nettstader. Forfattarlista er lang, dominert av eldre personar av begge kjønn. Boka er utstyrt med eit oversiktleg innhaldsregister og stikkordregister.

Tematikken er rikhaldig og variert: død, kjønn, ulikskap, fysisk aktivitet, genetik, livsstil, mat, drikkevatt, kloakk, trivsel, drikk og fyll, rus og vald. Perspektivet er internasjonalt, både utviklingshjelp, internasjonalt samarbeid og flyktningproblematikk er dekt. Samfunnsmedisinen er primært eit kommunalt oppdrag, og her får ein klare føringar på korleis dette bør realiserast.

Med ein så omfattande tematikk er det ikkje vanskeleg å finne emneområde som engasjerer meir enn andre. Det er heller ikkje vanskeleg å kritisere prioriteringar og val av perspektiv. Enkelte kapittel kunne med fordel ha vore kutta ut. Til dømes, kapitlet om leing handlar vel meir om organisasjonspsykologi enn om samfunnsmedisin. På den andre sida saknar eg eigne kapittel med meir vekt på psykososiale problemstillingar, til dømes om korleis det er å vere ung i Noreg i dag. Ein offentleg utgreiing frå 1984

omhandlar framtidig samfunnsmedisin (2). Her vert den tredje sjukdomsbølga av «samsjukdommar» (samliv, samarbeid, samfunn) som vil dominere rundt år 2000, omtala. Dei andre sjukdomsbølgjene, infeksjon og sivilisasjonssjukdommar (hjarte- og karlidingar, kreft, ulykker) er godt dekt i denne boka. Eg ville i tillegg ha ønskt eit sterkare samfunnspsykiatrisk perspektiv. Ute i praksis trur eg mange av oss opplever at den offentlege utgreiinga fekk rett. Og vi slit med å finne ut på kva måte vi skal møte alle utfordringane med angst, depresjon, samlivsbrot, konflikt og funksjonssvikt som vi blir presentert for dagleg.

Likevel konkluderer eg med at boka er aktuell for fleire enn den primære målgruppa medisinstudentar og samfunnsmedisinarar. Alle fastlegar og alle kommunale helsekontor vil ha god nytte av å bruke den aktivt. For dette er Boka om samfunnsmedisin i Noreg.

John Nessa

Institutt for samfunnsmedisinske fag
Universitetet i Bergen

Litteratur

1. Larsen Ø, Alvik A, Hagestad K et al, red. *Helse for de mange – samfunnsmedisin i Norge*. Oslo: Gyldendal Akademisk, 2003.
2. Norges offentlige utredninger. Helserådstjenesten. NOU 1984: 28.


Dekkende og kortfattet om kirurgi

Cameron JL.

Current surgical therapy

Expert consult: online and print. 9. utg. 1 397 s, tab, ill. Philadelphia, PA: Mosby Elsevier, 2008. Pris USD 179

ISBN 978-1-4160-3497-1



Denne boken er dr. Camerons livsverk, og foreligger nå i niende utgave etter førsteutgivelsen som kom i 1984. Målgruppen er assistentleger, grenkandidater og praktiserende kirurger i privat eller akademisk virke.

Forfatterne av de 270 kapitlene er nær utelukkende amerikanske, og innholdet er

basert på forfatterens personlige meninger om aktuell kirurgisk behandling for en gitt tilstand eller problem.

I hovedsak er inndelingen tematisk etter anatomiske regioner, fra oesophagus til anus, men enkelte seksjoner er dedikert egne tilstander som «hernie» og «portal hypertensjon». Traume og akuttmedisin, intensivmedisin og minimalinvasiv kirurgi er omtalt i egne seksjoner. Noe overlapp mellom seksjonene forekommer (koagulopati omtales i egne kapitler under både traume og intensivmedisin), og enkelte steder er seksjoneringen ikke konsekvent (skader i thorax omtales ikke under traumedelen, men under seksjonen «chest wall, mediastinum and trachea»). Tematisk er noen av kapitlene mindre aktuelle for europeiske kirurger, slik som «inferior vena cava filters» omtalt under «vascular systems». Kapitlene er i hovedsak korte og konsise. De skriver lite eller ingenting om sykdomsmekanismer, men går rett på sak hva gjelder diagnostiske algoritmer og aktuell kirurgisk behandling. For enkelte lidelser er også ikke-kirurgisk tilnærming omtalt, slik som screening, molekylære angrepsmekanismer og endokrin/adjutant behandling for brystkreft. Selv om boken skal være en generell kirurgisk bok, inneholder den ingen kapitler om urologiske tilstander eller kirurgisk behandling av disse.

Boken inneholder et relativt rikt antall svart-hvitt-illustrasjoner av varierende kvalitet, der pikselleringen for mange steder er for lav til å kunne være verdig trykkkvalitet. I et samlet lite kompendium fremst i boken er et knippe illustrasjoner gjengitt i farger, men omtrent en tredel av disse faller også her igjennom pga. dårlig bildekkvalitet. Kapitlene avsluttes med referanse til «suggested reading» som gir fra tre til 10–12 stort sett oppdaterte referanser på det aktuelle temaet. Noen kapitler blir vel «aktuelle» og lite generelle, som for lyskebrokk, der åpne teknikker nevnes i en bisetning og laparoskopiske tilganger får hovedfokus – noe som neppe ennå er representativt for det store antallet lyskebrokk som opereres daglig både i USA, Europa og ellers.

Et omfattende register gjør den lett å slå opp i, og man finner de fleste temaene i de kirurgiske grenene under generell kirurgi. Informasjonen er i hovedsak lett tilgjengelig. Med boken følger en kode som gjør at man får hele innholdet tilgjengelig på nett. For lesere som ønsker seg dybdeinformasjon om spesialfelt og kunnskapsbasert bakgrunn for problemløsningsforslag, er